



RUTINAR FOR SKULEEIGAR

Nulltoleranse og systematisk arbeid § 9A-3

Rutine for skuleeigar etter opplæringslova § 13-10, om kap. 9A

Skuleeigar er etter opplæringslova § 13-10 andre ledd pålagt å ha eit forsvarleg system. Dette systemet har to element:

- 1 *Systemet skal vera eigna til å vurdere om krava i opplæringslova med forskrifter er følgde*
- 2 *Følgje opp resultatata frå desse vurderingane*

Når det gjeld skuleeigar sitt forsvarlege system for vurdering og oppfølging av om skulane i kommunen oppfyller krava i opplæringslova § 9A-4 og § 9A-5, jamfør opplæringslova § 13-10, gjeld følgjande lovkrav:

- Aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (opplæringslova § 9A-4)
- Alle som arbeider i skule og SFO vert omfatta av aktivitetsplikta
- Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkar ein elev. Dersom ein som arbeider ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein elev vert utsett for krenking av ein tilsett, skal vedkomande straks varsle rektor og rektor skal varsle skuleeigar. (opplæringslova § 9A-5)

For å følgje opp dei ulike delpliktene under aktivitetsplikta (*Plikt til å følgje med, plikt til å gripe inn, plikt til å varsle, plikt til å undersøkje, plikt til å setje inn tiltak*), har skuleeigar utarbeidd rutinar som gjeld alle grunnskulane i Høyanger kommune:

Prosedyre for opplæringslova kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø

Denne prosedyren inneheld

- informasjon om og rutine for aktivitetsplikta
- rutine for å varsle rektor
- rutine for å varsle skuleeigar
- rutine for dokumentasjon av varsel

Det er utarbeidd egne skjema for dokumentasjon av varsling til rektor, varsling til skuleeigar og undersøking. Desse er tilgjengelege i kommunen sitt kvalitetssystem.

Tiltak for å følgje opp kap. 9A og for å få naudsynt informasjon:

- Skuleeigar gjennomgår prosedyre og rutine med rektorane ved starten av kvart skuleår.
- Informasjon om kap. 9A – plikter og retter – på Oppvekst si digitale heimeside (Høyanger kommune). Informasjon vert oppdatert ved behov.
- Oppfølging av aktivitetsplikta etter kap. 9A som tema på alle rektormøter gjennom skuleåret.
- Skuleeigar deltek i dialogmøte. Her er skulemiljø, problemstillingar, handtering og oppfølging av kap. 9A eit av tema.
- Skuleeigar følgjer opp resultatata i elevundersøkinga både i form av analyse på kommunalnivå og overfor den einskilde skule der det er markante funn.
- Jamleg orientering frå rektor til skuleeigar. I januar og i juni skal rektorane orientera skuleeigar om:
 - tal varslingar frå elevar og føresette
 - tal varslingar frå tilsette
 - tal aktivitetsplanar for kvar skule, orientering om avslutta aktivitetsplanar
 - elevar, føresette og tilsette har fått informasjonsskriv om kap. 9A gjennom Visma Flyt skule og på anna måte, jf. kommunal prosedyre for opplæringslova kapittel 9A
 - tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og opplæring når det gjeld § 9A-4
- Rettleiing frå og samråding med skuleeigar om aktivitetsplan i meir alvorlege eller komplekse tilfelle, eventuelt der det er utfordringar i skule-heim-samarbeidet.
- Gjennomføring av Foreldreundersøkinga til Utdanningsdirektoratet annakvart år. Spørsmål om trivsel og trygt miljø skal vere med i utvalet som spørsmål kvar gong.